



TECHYARD AS
Postboks 377
6802 FØRDE

Dato: 06.07.2017
Vår ref.: 2014/11640-107
Saksbehandlar: tortil
Dykkar ref.:

Reiseliv i industriens vugge. Vedkomande dokumentasjon frå Techyard AS

Saka gjeld rapportering og utbetaling av løtvde tilskot frå Hordaland fylkeskommune til prosjektet Reiseliv i industriens vugge. Vi viser til tidlegare korrespondanse i saka, mellom anna i e-post frå dykk dagsett 29.05.2017.

14. februar 2017 bad Hordaland fylkeskommune v/Kultur- og idrettsavdelinga om dokumentasjon på bakgrunnen for dei betalingsanmodningane som var sendt inn ettersom dei låg over den ramma som var løvd til prosjektet. I svaret av 29.05.17 legg de ved ulike dokument og gjev ei oppstilling på rekneskapen.

Diverre er dette dokument som Hordaland fylkeskommune har frå før, og det bringer ikkje nye opplysningar inn i saka. Med mangelfullt materiale finn vi framleis ikkje samanheng mellom rapporterte prosjektaktivitetar og rekneskapen.

Om tilskotsforvaltinga i Hordaland fylkeskommune:

For ordens skuld gjer vi merksam på at eit tilsegn ikkje er ein kontrakt der ein utan vidare har krav på utbetaling. Vedtak om tilskot frå Hordaland fylkeskommune byggjer på vedtekne retningsliner og føresetnaden om at tiltaket skal gjennomførast i samsvar med omtalen av føremål, innhald og framdrift samt kostnads- og finansieringsplan slik det går fram av søknaden.

Det er søker og tilskotsmottakar som ber det økonomiske ansvaret for gjennomføring, rapportering, leverer rekneskap og medverkar til kontroll som nemnt under. Vidare skal tilskotsmottakar varsle fylkeskommunen om vesentlege endringar i høve til søknaden. Det er ein føresetnad at slike endringar vert godkjend av fylkeskommunen.

Rapport skal gjere greie for gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen. Likeeins skal ein leggje ved rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering og anna dokumentasjon som viser kva resultat som er oppnådd. Administrasjonen kan gje utsetjing frå kravet om frist for innlevering av sluttrapport ved særlege høve.

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsyn av kontrollomsyn. Hordaland fylkeskommune kan når som helst stoppe utbetalingar eller avkorte stønadsbeløpet når vi meiner at vilkåra for utbetaling ikkje er til stades.

Dersom tiltaket ikkje vert gjennomført, skal midlane førast attende til fylkeskommunen. Dersom det ligg føre vesentlege avvik frå prosjektsøknaden, kan vedtaket om tildeling verte gjort om heilt eller delvis.

Hordaland fylkeskommune kan når som helst stoppe utbetalingar eller avkorte stønadsbetøpet når vi meiner at vilkåra for utbetaling ikkje er til stades.

Bakgrunn

Slik vi vurderer det, kan situasjonen skuldast mangefull prosjektleiing over noko tid. Jf. våre arkiv i saka. Som del av det nasjonale programmet for kulturminnevern og verdiskaping vart prosjektet Reiseliv i industriens vogge frå 2013 etablert av partar i dei to fylka og med løyvingar frå Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar og Riksantikvaren. Prosjektet skulle etter planen avsluttast 31.12.2015. Dette let seg ikkje gjere og etter dialog mellom prosjektleiinga og tilskotsgjevarane vart det lengja til og med første halvår 2016. I løpet av våren 2016 vart det klart at prosjektet likevel ikkje kunne slutføre planlagde aktivitetar. Jf. brev frå Riksantikvaren dagsatt 05.04.2016 (vedlegg 1):

Vi har godtatt forlengelse av prosjektet med rapportering medio august 2016, men det må likevel leveres regnskap for 2015 ... Rapportering og regnskap om er framlagt hittil, gir ikke grunnlag for å vurdere de konkrete resultatene av prosjektet. Prosjektet hadde som mål å etablere gode kontakter mellom reiseliv og markedsføringskanaler men dette lar seg ikke spore. Vi imøteser derfor en grundig dokumentasjon på oppnådde resultater og dokumentasjon på det forpliktende samarbeidet mellom reiselivsaktørene og RIIV. Tydeliggjøring og synliggjøring av økonomisk verdiskaping og opptak i Arenaprogrammet som skulle prioritertes i 2015, er heller ikke oppnådd.

Ut over ein visningstur i månadsskiftet mai/juni 2016, vart det ikkje registrert aktivitet i prosjektet. Frå sumaren 2016 og ut over hausten purra Hordaland fylkeskommune prosjektleiaren for informasjon. I møte 22.09.16 gjorde prosjektleiinga det klårt at avslutting av prosjektet ikkje kunne realiserast og måtte gjerast i ein fase to. Det var mellom anna semje om følgjande (vedlegg 2):

1. *Føremålet med RIIV2 «Frå utvikling til sal»... RIIV 2 skal tene som eit forprosjekt for lansering av eit nytt hovudprosjekt ...*
2. *Prosjektorganisering: SFFK og HFK vert prosjekteigarar...*
3. *Finansiering: På prosjektkonto for RIIV i HFK står inne kr. 171.135. I tillegg står det inne kr 99.000 i bundne fond øyremerkt verdiskaping på kulturminne, til saman. Kr 270.135...*
4. *Roy tek hovudansvaret for å arbeide fram ein prosjektplan...*
5. *På grunnlag av prosjektplan (med framdriftsplan og budsjett)... må kvart av fylka fremje sak og få tiltaket politisk forankra i løpet av november 2016. Prosjektmidlane vil då kunne nyttast også i 2017.*
6. *På grunnlag av politisk vedtak i HFK, vil vi førebu og gjennomføre ein forenkla anbodsrunde på kjøp av prosjektleiing som teneste...*

I tråd med dette, vart det gjort vedtak i Hordaland fylkeskommune om «Avslutning av prosjektet Reiseliv i industriens vogge», handsama i Utval for kultur, idrett og regional utvikling 08.11.2016. Sogn og Fjordane fylkeskommune slutta seg til dette. Dei restmidlane som stod att, vart såleis avsette til fase 2 av prosjektet.

Trass i purringar i løpet av hausten 2016, fekk ikkje Riksantikvaren og fylkeskommunane dei etterspurde rapportane. 17.10.2016 sendte difor Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunrar felles brev til Riksantikvaren (vedlegg 3) med oversyn over prosjektet sitt innhald og framdrift og der ein konkluderte med at prosjektet ikkje var ferdig. Manglande prosjektrapporteringa vart først tilsendt i desember 2016. Rapporteringa var slik at ein ikkje kunne sjå samanheng mellom rapporterte aktivitetar og rekneskap. Hordaland fylkeskommune valte å sende dokumentasjonen vidare til Riksantikvaren slik den var motteke (vedlegg 4). Hordaland fylkeskommune var ikkje kjend med at det sto løyvingar for utførte tiltak til rest i 2016 før vår sakshandsamar tok i mot melding på SMS i romjula 2016. Me har bedt om informasjon om kva prosjektaktivitetar desse kostnadene er knytta til, og om ein kan vise til resultat vi ikkje kjenner til?

I øvrigt har prosjektet også fått tilsegn frå Hordaland fylkeskommune på til saman kr 450.000 frå programmet «Handlingsprogram for Næringsutvikling Hordaland» (HNH). Av dette tilsegnet, har prosjektet

fått utbetalt kr 337.500. Regionalavdelinga har bede prosjektleiar om å be om sluttutbetaling av restbeløpet på kr 112.500, men det er ikkje gjort.

Konklusjon:

Når det gjeld offentlege løyvingar stiller Hordaland fylkeskommune tydelege vilkår i høve rapportering av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik. Likeeins gjeld kravet om rekneskap m/oversikt over kostnader og finansiering og anna dokumentasjon som viser kva resultat som er oppnådd.

Prosjektet Reiseliv i industriens vogge vart ikkje ferdigstilt i 2016 i samsvar med prosjektplanen. Det gjev grunnlag for å vurdere delvis avkorting eller tilbakeføring av den offentlege løyvinga, jf retningslinene. Etter ei heilskapleg vurdering, og av omsyn til aktørane i begge fylka, tok Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar likevel ansvar for gjennomføring av ikkje fullførte prosjekttiltak. Etter vår vurdering er dette ein kostnad som heilt eller delvis fell saman med den offentlege løyvingane til prosjektet.

Dette er prosjektleiarens vel kjend med. Vedkomande tok sjølv initiativ til møte med Hordaland fylkeskommune i september 2016 for å drøfte prosjektavslutting i ein fase 2, hadde innsyn i saksgangen hausten 2016, var opplyst om den politiske handsaminga, og gav ikkje ved noko høve uttrykk for usemje.

Med grunnlag i denne vurderinga meiner Hordaland fylkeskommune at det ikkje er godt gjort at vilkåra for utbetaling til Techyard as er oppfylde. Med den mangelfulle dokumentasjonen som ligg føre i prosjektet Reiseliv i industriens vogge har fylkeskommunen difor som standpunkt at grunnlaget for vidare utbetalingar ikkje er til stades.

Dersom me ikkje tek i mot oppklarande informasjon, vert kravet avvist. Vi viser elles til vilkåret om at fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til tilkomst til tiltaket og innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn.

Frist for innsending av utfyllande informasjon i saka vert sett til fire veker frå dags dato, fredag 4. august 2017.

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: 4

Kopi til:
Anders Haugen
Roy Sævig
Sogn og Fjordane fylkeskommune